




STRYN KOMMUNE

***KOMMUNEDELPLAN***  
***FOR***  
***BYGNINGSVERN***

*Evaluering av bygningar før 1900*



*Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Stryn kommune*

Godkjent av kommunestyret 03.04.00.

## INNHALD

side

<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>2</b>
<b>2. KULTURMINNEVERNET SITT GRUNNLAG I LOVVERKET</b> .....	<b>3</b>
2.1 KULTURMINNELOVA.....	3
2.2 NATURVERNLOVA.....	4
2.3 PLAN- OG BYGNINGSLOVA.....	4
2.4 ANDRE AKTUELLE LOVER.....	5
<b>3. ØKONOMISKE VERKEMIDDEL I VERNEARBEIDET</b> .....	<b>6</b>
3.1 STATLEGE MIDLAR.....	6
3.2 FYLKESKOMMUNALE MIDLAR.....	6
3.3 KOMMUNALE MIDLAR.....	7
<b>4. ORGANISERINGA AV VERNEARBEIDET</b> .....	<b>7</b>
4.1 RIKSANTIKVAREN SI ROLLE I BYGNINGSVERNET.....	7
4.2 FYLKESKOMMUNEN SIN PLESS I KULTURMINNEVERNET.....	7
4.3 VERNEPLANEN SIN PLESS I DEN KOMMUNALE FORVALTINGA.....	8
<b>5. SEFRAK-REGISTRERINGANE</b> .....	<b>10</b>
5.1 ALDER.....	10
5.2 OPPHAVELEG FUNKSJON.....	11
<b>6. EVALUERINGSPROSESSEN</b> .....	<b>12</b>
6.1 EVALUERINGSMATRISE.....	13
<b>7. EVALUERINGSRESULTATA</b> .....	<b>15</b>
7.1 ALDER.....	16
7.2 OPPHAVELEG FUNKSJON.....	17
<b>8. PRIORITERTE BYGNINGSMILJØ OG ENKELTBYGNINGAR I VERNEPLANEN</b> .....	<b>18</b>
8.1 VERNEKLASSE A.....	19
<u>BYGNINGSMILJØ</u> .....	19
<u>ENKELTBYGNINGAR</u> .....	23
8.2 VERNEKLASSE B.....	29
<u>BYGNINGSMILJØ</u> .....	29
<b>9. TILTAK SOM SKAL SETJAST I VERK MED VERNEPLANEN</b> .....	<b>31</b>

## VEDLEGG:

- LISTE OVER VERNEVERDIGE ENKELTBYGNINGAR OG BYGGNINGSMILJØ I STRYN KOMMUNE.

## 1. INNLEIING

Denne planen for vern av kulturminne i Stryn er meint å vise retninga for bygningsvernarbeid i kommunen. Planen vil kunne lette sakshandsaminga i enkeltsaker som gjeld eldre bygningar og miljø. Endelete kan planen som sjølvstendig dokument styrke vernearbeidet i kommunen ved å auke interessa for dei emna som vert tatt opp.

Plan for vern av kulturminne kan i denne samanhengen vere ein misvisande tittel. I røynda er det tale om ein plan for vern av bygningar. Grunnlaget for planen er dei SEFRAK-registreringane som er gjorde i kommunen. Dei tek berre for seg enkeltbygningar. Denne planen tek difor berre i liten grad føre seg fornminne og tekniske kulturminne som gamle ferdselsårer, brygger, parkanlegg, steingjerde o.s.v. Planen kan difor sjåast på som første del av ein fullt utvikla plan for vern av kulturminna i kommunen.

Når eit hus vert registrert i SEFRAK-registeret, så betyr ikkje det at huset vert verna på noko vis. Registreringa inneheld berre opplysningar om ein bygning utan at det er innarbeidd noko kvalitativ vurdering av dei enkelte bygningane. Når ein skal lage ein verneplan er det difor naudsynt å føreta ei evaluering, eller ei verdisetting av kulturminna. I denne samanhengen vil det seie at ein vurderer dei enkelte bygningane med tanke på kva status dei skal få i ein verne-samheng. Vi må med andre ord fastsette dei enkelte bygningane sin antikvariske verdi.

Planarbeidet har for det meste gått ut på å føreta denne evalueringa. Ein verneplan kan utformast på mange måtar. Vi har valt å legge hovudvekta på ein kombinasjon av plandokument, EDB-baserte arbeidsreiskapar og ei visualisering i form av kart. Den føreliggande planen er ein etter måten kortfatta presentasjon av arbeidsprosessen og evalueringsresultata. Vi har ikkje hatt høve til å gå inn på meir generelle skildringar av byggeskikk o.s.v.

Vi har forsøkt å fylgje det prinsippet at plandokumentet også skal kunna lesast med utbytte også av dei utan spesielle forkunnskapar. Derved vil planen i seg sjølv ha ein informasjonsverdi som kan komme vernearbeidet i kommunen til gode.

Den føreliggande planen består av fylgjande:

- Plandokument
- PC-versjon av SEFRAK-registeret i klartekst <sup>1</sup>
- Evalueringsmatriser i tilknytning til PC-versjonen av SEFRAK-registeret.
- Vernelister for miljø og enkeltbygningar
- Forkorta manuell versjon av SEFRAK-registeret, inkludert evalueringsresultata i form av verneklassar.
- Kart <sup>2</sup>

Plandokumentet fell naturleg i to hovuddelar. Først tek ein forholda rundt vernearbeidet opp på eit meir generelt plan. Ei viktig side her er det lovheimla grunnlaget for vern. Det same gjeld andre verkemiddel det offentlege kan sette inn for å stimulere vernearbeidet. Vidare vert

---

<sup>1</sup>PC-versjonen av SEFRAK-registeret i kommuneversjon føreligg enno ikkje.

<sup>2</sup>Karta er enno ikkje digitalisert. Dette er ein prosess vi er inne i, og digitaliserte data vil vere tilgjengelege for kommunen, når desse føreligg.

det kort orientert om den formelle organiseringa av vernarbeidet, og meir konkret om organiseringa i Stryn kommune.

Andre delen tek opp evalueringsarbeidet i Stryn kommune. Først vert SEFRAK-registeret og hovudtendensar i materialet frå Stryn presentert. Deretter går ein gjennom sjølve evalueringsprosessen og presenterer den arbeidsreiskapen ein har til rådvelde, før ein til slutt gir ein samla presentasjon av evalueringsresultata.

## 2. KULTURMINNEVERNET SITT GRUNNLAG I LOVVERKET.

Når det gjeld å gje utvalde enkeltobjekt og miljø eit meir varig vern, har det kommunale kulturminnevernet det eksisterande lovverket å støtte seg på. Ein del andre verkemiddel vil og vere aktuelle i eit generelt kulturminnearbeid. Desse vert tatt opp i eit seinare kapittel.

Når ein tek opp lovverket her, er ikkje det så mykje retta mot dei kommunale faginstansane og sakshandsamarane som til dagleg har hand om kulturminnevernarbeidet. Desse har nok for det meste innsikt i dei eksisterande paragrafar. Vi trur likevel det kan vere nyttig for politikarar i ulike hovudutval, huseigarar og for andre med spesiell interesse for vernarbeidet å få eit kort oversyn over området.

Grensa mellom automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid eller etterreformatoriske kulturminne, går ved år 1537. Dei første er automatisk freda etter Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 4. For yngre kulturminner er det særleg 3 lover som er aktuelle.

- Kulturminnelova omhandlar mellom anna freding av nyare tids kulturminne.
- Naturvernlova av 19. juni 1970, nr. 63, opnar for vern av kulturminne innafor nasjonalparkane våre
- Plan- og bygningslova av 14. juni 1985, nr 77, inneheld det viktigaste lovgrunnlaget for kommunale kulturminneplanar.

I tillegg er det ei rekke andre lover som grip inn i kulturminnevernet.

Nedanfor vert dei enkelte lovene omtala nærare. Ofte vil ein kombinasjon av fleire lover gje det beste og mest nyanserte vernet.

### 2.1 KULTURMINNELOVA

Freding av nyare tids kulturminne skjer i medhald av kulturminnelova. Dei viktigaste paragrafane i vårt tilfelle er § 15, § 19 og § 20. Vi skal kort omtale kva vern dei representerer.

#### §15 Freding av bygningar, bygningsmiljø m.v. frå nyare tid.

Departementet kan i medhald av denne paragrafen frede byggverk og anlegg, eller deler av slike, ut frå arkitektonisk eller kulturhistorisk verdi. Vidare kan fylgjande kulturminne fredast:

Avgrensa bygningsmiljø, festningar, skanser m.m., særskilde bygningsmiljø som parkar, hageanlegg, allear m.m. og gamle ferdsleveggar, bruer, vegmerke, brygger og andre tekniske kulturminne. Kulturminner som blir freda må ha verdi på nasjonalt nivå.

Etter denne paragrafen kan ein og føreta midlertidig freding. Det vil seie at ein kan midlertidig frede eit kulturminne som ein trur kan vere fredingsverdig og som står i fare for å bli rive eller øydelagt på anna måte. Det er fylkeskommunen som kan gjere det.

#### § 19 Områdefreding.

Rundt eit freda anlegg kan det fredast endå eit område som er stort nok til "å bevare virkningen av kulturminnet i landskapet eller i miljøet eller for å beskytte vitenskapelige interesser som knytter seg til det".

Ein kan føreta mellombels freding også etter denne paragrafen. I dei høva gjeld det slike område som er nemnt ovafor.

#### § 20 Freding av kulturmiljø.

Frå 01.01.93 kan ein etter kulturminnelova også frede heile kulturmiljø. Dette omgrepet omfattar bygningsmiljø, kulturlandskap eller andre område som kan definerast som ein funksjonell heilskap.

Kulturminnelova inneheld dei sterkaste verkemidlar vi har i kulturminnevernarbeidet. Til dømes kan ei freding i dag gjelde både interiør og eksteriør på ein bygning, medan ein bevaringsplan kun grip inn i den ytre utforminga av ein bygning.

## **2.2 NATURVERNLOVA**

Denne lova er ikkje så viktig i vårt høve. Det skal berre nemnast at innafør nasjonalparkane vernar lova både dei naturvernfaglege interessene og kulturminna mot inngrep. I kulturlandskapsvernordninga har derimot kulturminna dårleg vern. Dette understrekar trongen for eit nærare samarbeid mellom naturvern- og kulturminneverninteressene dersom ein skal sikre heile kulturlandskap med innhald.

## **2.3 PLAN- OG BYGNINGSLOVA.**

Denne lova avløyste bygningslova frå 1965. Ei vesentleg endring i høve til tidlegare går på noverande lov sine retningsliner for kommuneplanarbeidet. Arealdelen i kommuneplanen skal ha direkte rettsverknader, d.v.s. at tiltak som gjer det vanskeleg å gjennomføre planen ikkje kan settast i gang. Planlegginga skal dessutan vere rullerande. Det vil seie at kommuneplanen skal handsamast av kommunestyret minst ei gong i kvar valperiode.

Arealdelen i kommuneplanen skal syne m.a. kva ein vil regulere til spesialområde med føremål vern, og kva som skal beskyttast etter kulturminne- eller naturvernlova. Dette vil fungere som ei midlertidig bandlegging. Bandlegginga tek slutt etter 4 år dersom fredinga eller beva-

ringsplanen ikkje er vedtatt til då. Etter § 20.6 kan imidlertid bandlegginga forlengast etter søknad med nye 2 år.

Etter § 25.6 kan kommunen regulere eit område til spesialområde med føremål vern. Vedtaket må vere grunngitt med at det i området er bygningar og/eller anlegg "som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi bør søkes bevart". Lova gjeld frå større område heilt ned til enkeltbygningar.

Til kvart område skal det utarbeidast reguleringsvedtekter for pleie og vedlikehald av området. Desse kan i tillegg innehalde reglar for utforming av ny bebyggelse i området o.likn. Innafor eit spesialområde med føremål vern gjeld eit generelt rivingsforbod.

§ 92 pålegg kommunen å sjå til "historiske, arkitektoniske eller annen kulturell verdi som knytter seg til ein bygnings ytre så vidt mulig blir bevart".

§ 93 har ei oversikt over tiltak som krev søknad og løyve. Ei slik riving kan derimot berre hindrast ved at ein nedlegg eit midlertidig bygge og deleforbod gjennom ei regulering til spesialområde med føremål vern. Ved hjelp av dette kan det faste utval for plansaker vinne tid til ein grundigare analyse av objektet sin vernestatus.

Gjennom plan og bygningslova har kommunen eit viktig verkemiddel når det gjeld formelt å kunna verne større grupper med kulturminne. Ser ein bort frå dei reine fredingssakene, ligg utvelginga av kva som skal vernast hjå dei kommunale myndigheitene. Den føreliggande planen er nettopp tenkt å skulla vere eit hjelpemiddel i denne utvelgingsprosessen.

## 2.4 ANDRE AKTUELLE LOVER.

Nedanfor skal vi nemne andre aktuelle lover der kulturminnevern er eitt av fleire aspekt:

- Lov om Kirker og Kirkegaarde av 3. august 1897 nr. 1
- Vassdragsreguleringslova av 14. desember 1917.
- Lov om vassdragene av 15. mars 1940 nr. 3
- Jordloven av 18. mars 1955 nr. 2
- Lov om presteboliger og prestegårder av 9. desember 1955 nr. 11
- Oreigningsloven av 23. oktober 1959- Vegloven av 21. juni 1963 nr. 23

Som vi ser er det særleg kulturminnelova og plan- og bygningslova som vil danne lovgrunnlaget for kulturminnevernarbeidet i Stryn kommune. Dei evalueringsresultat som den føreliggande planen kjem med, er meint som framlegg og tilråding til administrasjon og politikarar mellom anna når det gjeld val av juridiske verkemiddel i kulturvernarbeidet i kommunen.

### 3. ØKONOMISKE VERKEMIDDEL I VERNEARBEIDET

Ved sida av det juridiske lovgrunnlaget som er nemnt i det førre kapittelet, har ein innan kulturminnevernet ei lang rekke økonomiske og administrative verkemiddel til rådvelde. Dei offentlege tilskottsordningane er enten direkte økonomisk støtte gjennom tilskott eller lån, eller indirekte støtte gjennom planmidlar o.likn. Alle dei ulike forvaltningsnivåa er her involvert, om enn i ulik grad.

Vi vil nedanfor gå nærare inn på desse verkemidlane. Den administrative sida kjem vi attende til i neste kapittel som omhandlar organiseringa av kulturminnesektoren.

#### 3.1 STATLEGE MIDLAR

Statlege midlar vert i første omgang fordelt gjennom følgjande kanalar:

1. Riksantikvaren gir tilskot til istandsetting og vedlikehald av den samla freda bygningsmassen her i landet. Fordelinga av desse midlane er tillagt fylkeskommunane ved kulturavdelinga. Søknadskjema får ein ved kulturavdelinga. I tillegg gir riksantikvaren tilskot til bevaring og antikvarisk istandsetting av verneverdige bygg, anlegg og miljø, faste tekniske og industrielle kulturminne, farty og faste kulturminne knytta til kystkultur, kvinnekultur og arbeidarkultur.

2. Den norske Stats Husbank gir gjennom ordninga med utbetingslån på antikvarisk grunnlag, sitt bidrag til kulturminnevernet. Søknader om slike lån går først til kulturvernavdelinga i fylkeskommunen. Dei kjem med tilråding overfor Husbanken der den antikvariske verdien vert vurdert.

3. Statens Landbruksbank har ei liknande ordning som gjeld for bustadhus på gardsbruk. Her er det og den antikvariske verdien som utløyser lånet.

4. Landbruksdepartementet gir tilskot til restaurering av freda og verneverdige bygningar i landbruket. Dette omfattar både bygningar som kan nyttast i drifta, dei som er viktige for eit heilskapleg gardsmiljø og stølshus. Søknadskjema får ein gjennom landbrukskontoret og landbruksavdelinga. Landbruksavdelinga gir og tilskot til vedlikehald og bevaring av kulturlandskap.

#### 3.2 FYLKESKOMMUNALE MIDLAR

Hovudutvalet for kultur og kulturvern har avsett visse midlar til kulturvern. Desse midlane vert fordelt til generelt kulturvern, verneverdige bygningar, tekniske kulturminne, kystkultur m.m. Det er handsaming av søknadane ein gong årleg, og søknadsfristen er 15. februar. Søknadskjema får ein ved å vende seg til kulturavdelinga.

### **3.3 KOMMUNALE MIDLAR**

Kommunane gir som oftast midlar til meir generelt kulturvernearbeid over sitt budsjett.

## **4. ORGANISERINGA AV VERNEARBEIDET**

Det er Miljøverndepartementet som har det overordna ansvaret for kulturminnevernet i Noreg. Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltinga og er departementet sitt rådgjevande og utøvande faginstans for forvalting av kulturminner og kulturmiljø i omgjevnadane våre. Gjennom ei omorganisering av kulturminnevernet er fylkeskommunane delegert ei statlege rekke oppgåver som før låg m.a. til Riksantikvaren. Kommunane står for det meste av det meir praktiske vernearbeidet gjennom fysisk planlegging og handsaming av enkeltsaker.

Det er organiseringa av kulturminnevernet på dei sistnemnde forvaltningsnivåa som særleg er av interesse for vår del. I tillegg er dei interne prosedyrane i kommunen viktige. Innleiingsvis vil vi sjå litt nærare på dei viktigaste oppgåvene som ligg under Riksantikvaren.

### **4.1 RIKSANTIKVAREN SI ROLLE I BYGNINGSVERNET**

Riksantikvaren har hovudansvaret for vern og forvalting av før-reformatoriske bygningar. Tilsvarande gjeld og for kyrkjer. Det er Riksantikvaren som føretek endeleg freding av etter-reformatoriske bygningar. Dette skjer etter at saka har vore handsama av fylkeskommunen og kommunen. I denne samanhengen er Miljøverndepartementet ankeinstans. På same vis er Riksantikvaren ankeinstans når det gjeld mellombels freding av bygningar som blir gjort i fylkeskommunen.

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne (SEFRAK) er plassert hjå Riksantikvaren. Det er difor Riksantikvaren som har hovudansvaret for arbeidet med det sentrale kulturminne-registeret.

### **4.2 FYLKESKOMMUNEN SIN PLESS I KULTURMINNEVERNET**

Etter 01.01.1990 har fylkeskommunane fått utvida ansvar på kulturminnefeltet. I praksis er det kulturminnevernet ved kulturavdelinga som står for det praktiske arbeidet. Hovudansvarsområda når det gjeld bygningar kan oppsummerast slik:

- Ha ansvar for pleie av freda bygningar. Alle større vedlikehaldsarbeid og endringar på desse bygningane, skal etter kulturminnelova leggest fram for fylkeskommunen, til godkjenning.
- Føreta mellombels freding etter kulturminnelova § 15. Riksantikvaren er her ankeinstans, og er den som gjer det endelege fredingsvedtaket.
- Handsame alle kommuneplanar. Fylkeskommunen har rett til å kome med



- motsegn, d.v.s. at alle planframlegg kan stoppast til saka er endeleg avgjort i departementet. Fylkesmannen vil i desse sakene vere meklingsinstans.
- Handsame alle kommunale reguleringsplanar. Retten til motsegn gjeld her på lik line med kommuneplanane.
  - Handsame enkeltsaker der kommunane ber om råd. Praksis kan her vere ulik frå fylke til fylke og frå kommune til kommune. Det er viktig at partane her kjem fram til rutinar som sikrar eit best mogeleg vernearbeid.
  - Ha ei generell rådgjevingsteneste andsynes kommunar, organisasjonar og enkeltpersonar.
  - Ha hovudansvaret for gjennomføringa av SEFRAK-registreringa i kommunane.

Som vi ser, på viktige felt grip fylkeskommunane inn i det kommunale vernearbeidet. Det er difor viktig at det er eit godt samarbeid mellom dei to forvaltningsnivåa.

### **4.3 VERNEPLANEN SIN Plass I DEN KOMMUNALE FORVALTINGA**

Etter gjeldande lovverk er ikkje kommunane pålagde å utarbeide eigne kulturminneplanar. Kulturminnelova gir berre heimel for å gripe inn i enkeltsaker av meir overordna karakter. Kulturminnevernet sin plass i plansamheng vert regulert i plan- og bygningslova. Dette skjer gjennom utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel, og i reguleringsplanar som vedkjem verneverdige kulturminne. Hovudansvaret for at det vert ført ein kommunal vernepolitikk ligg såleis lokalt på det faste utval for plansaker.

Denne viktige rolla gjer det naudsynt med gode arbeidsreiskaper dersom ein skal ivareta kulturminnevernet på ein best mogeleg måte. Den føreliggande planen er meint som ein slik reiskap. På to område vil den kome inn i den lokale sakshandsaminga; i den meir overordna planlegginga og i den daglege sakshandsaminga som kan få innverknad på mulige verneverdige kulturminne.

1. Når det gjeld den overordna planlegging, vil det vere snakk om enkeltståande reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen. Kulturminneplanen kan bli eit viktig arbeidsreiskap då verneomsyn kjem inn som ein av dei faktorane planleggarane må ta stilling til under planprosessen. Verneplanen inneheld opplysningar om enkeltminne sin vernestatus.

Det er mogeleg å gje den framlagde verneplanen fylgjande status i den kommunale arealforvaltninga: På grunnlag av § 3 og 4 i Plan- og Bygningslova gjer kommunestyret vedtak om vedtekt til bygningslova for kommunen. Slik vedtekt skal ha detaljerte føresegner, dels om sakshandsamingsrutinar, dels om kva endringar som kan gjerast med husa når det gjeld materialval, fargebruk, storleik o.s.b. for alle dei tre statusgruppene A, B og C. Fylkeskommunen vil hjelpe til med å utarbeide, eventuelt kome med framlegg om slike føresegner.

2. I den daglege sakshandsaminga i kommunen, når det gjeld rivings- og byggesaker, søknader om påbygg, fasadeendringar m.m., vil verneplanen vere eit naudsynt reiskap for saks-

handsamaren. Her vil det vere naudsynte opplysningar om vernestatus for bygningar, og eventuelle framlegg til vernetiltak.

Skal ein gjere seg fullt ut nytte av verneplanen, er det viktig at den inngår som eit fast element i planprosessen, og at det er utarbeidd rutinar for sakshandsaming i alle nivå av forvaltinga. Berre på den måten kan ein avverge ei vilkårleg handsaming av vernesaker.

### **Sakshandsamingsreglar og saksgang.**

Reglane for fullført sakshandsaming gjeld for kommunedelplan for bygningsvern.

#### *A. Ved utarbeiding av arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar:*

1. Kulturkontoret i fylkeskommunen skal kontaktast tidleg i planprosessen, og trekkast inn i planarbeidet før 1. gongs handsaming i kommuneplannemnda eller det faste utval for plansaker.
2. Skule- og kultursjefen kjem med sine synspunkt på planane overfor planetaten.
3. Planane skal sendast attende til skule- og kulturkontoret for handsaming i skule- og kulturutvalet, etter fyrstegongshandsaming i kommuneplannemnda eller det faste utvalet for plansaker

#### *B. Ved riving- og byggesaker, fasadeendringar, tilbygg m.m.:*

1. Alle saklistene frå det faste utval for plansaker vert sende direkte til kulturkontoret. Saker som kulturkontoret ser på som viktige i vernesammanheng, kan leggest fram for kulturutvalet til uttale og oversendast det faste utval for plansaker som vedlegg til saka.
2. Saker som kjem inn på område eller bygningar som er klassifiserte som verneverdige, vert oversendt direkte til kulturutvalet til uttale. Evt. merknader frå kulturutvalet skal leggest ved saksdokumenta som dannar grunnlag for endeleg handsaming i det faste utval for plansaker.

Det er viktig å vere merksam på at det er ein vesentleg ulikskap mellom bygningar med A-verdi og bygningar med B-verdi. Fordi det er få bygningar med A-verdi seier det seg sjøl at ein må vere strengare når det gjeld A-klassefiserte enn med B-klassefiserte.

Det er viktig å vere klar over at tilskotsordningar frå staten til t.d. restaurering av verneverdige bygningar over landbruks- og kulturdepartementeta sine budsjett fyrst og fremst prioriterer bevaring av dei mest verneverdige bygningane. Når det gjeld slike spørsmål kan ein ta kontakt med landbrukskontoret eller skule- og kulturkontoret i kommunen.

## 5. SEFRAK-REGISTRERINGANE

Registreringa av faste kulturminne i Noreg har pågått sidan tidleg på 1970-talet. Målet er å dokumentere kulturminne frå nyare tid ved å samle inn bygningstekniske og kulturhistoriske data. I tillegg vert kulturminna fotograferte og kartfesta. I Stryn har denne registreringa foregått i 1992 og 1993 til 1994.

Utvalskriterium for registreringane har vore alder, og grensa er sett ved år 1900. I tillegg er registreringane for ein stor del konsentrert om bygningar. Det vert ikkje gjennomført noko form for kvalitativ vurdering korkje før eller under registreringsarbeidet. Resultatet vert eit sett med rådata som vert lagt inn i eit sentralt dataregister. I samband med utarbeiding av denne planen vert materialet også gjort tilgjengeleg for kommunen i PC-versjon. Det har av denne grunn ikkje så mykje føre seg å presentere dette i detalj. Enkelte opplysningar skal vi likevel legge fram for å gje eit meir samla oversyn over bygningsmassen i kommunen.

I Stryn er det registrert i alt 2021 bygningar og restar etter bygningar i samband med SEFRAK-registreringa. Desse tala seier ikkje så mykje. Vel så viktig er det å sjå på samansettinga av kulturminnebestanden. Alder og opphavsleg funksjon er to av dei viktigaste opplysningane her. Nedanfor skal vi difor gruppere dei registrerte bygningane etter desse to kategoriane.

### 5.1 ALDER

Under arbeidet med planen er det at ein del bygningar som er eldre enn frå 1900 ikkje er blitt registrerte. Dette skal rettast ved rullering av planen.

For 680 av dei registrerte husa er tidfestinga berre gitt opp i heile hundreår.  
For 158 registrerte hus er det ikkje oppgitt nokon alder.

Det at 41 % av dei registrerte husa ikkje har oppgitt alder, eller berre har den oppgitt i heile hundreår gjer evalueringsarbeidet vanskelegare. Dette er ei svakheit i grunnlagsmaterialet som gjer seg gjeldande også for andre kommunar.

Som venta er størstedelen av husa datert til 1800-talet. Dette gjeld 1429 av i alt 1863 daterte bygningar.

No seier ikkje alder åleine så mykje om kva type kulturminne som finns i kommunen. Vi bør også vite fordelinga på type bygningar. I Stryn har jordbruket vore viktigaste næringsveg heilt fram til i dag. Innanfor denne næringa finn vi bygningar som skal dekke mange ulike funksjonar. Vi skal sjå litt nærare på denne fordelinga.

Ser vi på alderssamansettinga får vi denne fordelinga:

<b>Tidsrom</b>	<b>Antal bygningar</b>	<b>Tidsrom</b>	<b>Antal bygningar</b>
1600-1624	4	1536-1599	2
1625-1649	1	1600-1699	10
1650-1674	3	1700-1799	148
1675-1699	6		
1700-1724	9	1800-1899	512
1725-1749	14	1900-1999	8
1750-1774	19	<b>I alt</b>	<b>680</b>
1775-1799	90		
1800-1824	61		
1825-1849	104		
1850-1874	283		
1875-1899	468		
1900-1924	90		
1925-1949	27		
1950-1974	4		
1975-1999	1		
<b>I alt</b>	<b>1184</b>		

## 5.2 OPPHAVELEG FUNKSJON

Ser vi på opphaveleg primær funksjon, fordeler bygningsmassen seg slik på dei ni hovudkategoriane:

<b>Opphaveleg funksjon (formål)</b>	<b>Antal</b>
Hus for fast busetnad knytt til landbruk, fiske og fangst	1934
Hus for fast busetad utan tilknytning til landbruk eller anna spesiell verksemd	26
Hus for fritidsbusetnad	1
Hus for energiproduksjon, bergverk, industri med tilhøyrande biformål	5
Hus for merkantil verksemd med tilhøyrande biformål	26
Hus for offentleg forvaltning, kyrkje og militærstell med tilhøyrande biformål	7
Hus for undervisning, forskning, idrett og andre kulturformål med tilhøyrande biformål	17
Hus for offentleg tenesteyting og sosiale formål	2

Ingen kode for opphøveleg funksjon	4
<b>I alt</b>	<b>2022</b>

For 132 registrerte bygningar er opphøveleg funksjon ukjent.

Vi ser at så godt som alle dei registrerte husa høyrer til den første kategorien, fast busetnad knytt til landbruk, fiske og fangst. Det kan difor vere føremålstenleg å sjå på ei nærare oppdeling av denne funksjonstypen.

Opphøveleg funksjon	Antal
Bustadhus innan landbruk, fiske og fangst	739
Hus for sekundære bustadformål innan landbruk, fiske og fangst (koking, slakting, baking, korntørking, bad, pers. hygiene m.m.)	92
Forrådshus (mat, klede mm.) for bustader innan landbruk, fiske og fangst	131
Hus for allmenne lagerformål (køyrety, maskinar, båtar mm.) innan landbruk, fiske og fangst	153
Hus for husdyr innan landbruk, fiske og fangst	499
Hus for lagerformål ved husdyrbruk (gjødsel, husdyrfôr mm.) innan landbruk, fiske og fangst	135
Hus for hagebruk og gartneri innan landbruk, fiske og fangst	4
Hus for handtverk/småindustri innan landbruk, fiske og fangst	180
Hus for andre formål innan landbruk, fiske og fangst	1
<b>I alt</b>	<b>1934</b>

Det vi har presentert ovanfor, er ein første grovsortering av bygningane før sjølv evalueringssarbeidet tok til.

Som ein konklusjon kan vi seie at den typiske SEFRAK-registrerte bygningen i Stryn er frå 1800-talet og tilknytt jordbruket.

## 6. EVALUERINGSPROSESSEN

SEFRAK-registeret inneheld som sagt ingen kvalitative vurderingar av bygningane. Det er difor viktig at det vert føretatt ei evaluering, når ein tenkjer på framtidig bruk av materialet, dvs. ei vurdering av bygningane med tanke på kva status dei skal ha i vernesamanheng. Vi vil med andre ord vite kva antikvarisk verdi bygningane har.

Det er i denne samanhengen utvikla ein del "evalueringsreiskap" og hjelpemiddel til bruk i dette arbeidet. Av slike kan nemnast:

- Evalueringsmetode til bruk på SEFRAK-materialet
- PC-versjon av SEFRAK-registeret for dei enkelte kommunane
- Evalueringsmatrise lagt inn i data og kopla opp mot SEFRAK-registeret.

Ved å systematisere og samanstille dei ulike opplysningane får ein på denne måten gjort dei lettare tilgjengelege. Ein har i tillegg ein metode å nyttegjere seg og ei datamatrise som gjer det mogeleg å talfeste ein del konkrete vurderingar.

## 6.1 EVALUERINGSMATRISE

Det er trong for å gå litt nærare inn både på det metodiske grunnlaget rapporten er bygd over, og bruken av evalueringsmatrisa.

Det praktiske målet med evalueringsmetoden er å analysere, vurdere og fastsette verneverdien til ein bygning eller eit anna kulturminne. Dersom ein skal kome fram til ei verdifastsetting som også er teoretisk haldbar, vil evaluator måtta forholde seg til ei rekke delverdier som kvar for seg uttrykkjer ei side av tilhøvet mellom eit kulturminne og samfunnet. Ein har prioritert 2 kategoriar av slike delverdier:

- 1) Kunnskapsverdi
- 2) Opplevingsverdi

For å utdjupe desse kategoriane nyttar ein seg i evalueringsprosessen av 7 delverdier. Desse er:

- Bygningshistorisk verdi
- Næringshistorisk verdi
- Sosialhistorisk verdi
- Historisk verdi knytt til person eller hending
- Estetisk verdi
- Identitetsverdi
- Annan verdi

For delverdiane er det utvikla eit sett grunnkriterier som kvar enkelt delverdi skal vurderast i høve til. Dette er kriterier som i seg sjølv ikkje representerar ei sjølvstendig form for verdi, men som vil kunna påverka korleis ein bygning vert plassert i høve til dei ulike delverdiane. Ein nyttar 4 slike grunnkriterier:

- Alder
- Autentisitet
- Miljøsamanheng
- Representativitet/kor sjelden den er

Når ein skal vurdere ein delverdi, til dømes bygningshistorisk verdi, føreset ein at evaluator tar stilling til kva betydning desse 4 grunnkriteria har for klassifiseringa. For kvar bygning føreset ein at alle delverdier skal kryssast mot alle relevante grunnkriterier. Den endelege verneverdien, som er målet for heile denne prosessen, skal fastsettast ut frå ei samla vurdering av dei delverdiane som kjem fram på denne måten. Det ligg ikkje noko automatikk i ei slik vur-

dering. Det er lagt opp til at evaluator - ut frå ei samla vurdering skal kunna stå relativt fritt til å bestemme kva vekt ein skal legge på ulike delverdiar i den endelege vurderinga.

Når dei 7 delverdiane er vurdert i samanheng, skal evaluator vurdere to såkalla forsterkande kriterier.

Pedagogisk potensiale

Brukspotensiale

Desse kriteria skal tillegast vekt, men ikkje i same grad som delverdiane. Som namnet seier er dei meint å vere forsterkande kriterier.

Fylgjande evalueringsmatrise kan samanfatte det som no har vore tatt opp:

	<b>Alder</b>	Autentisitet	Miljø	Representativ/sjelden
Bygningshistorisk verdi				
Næringshistorisk verdi				
Sosialhistorisk verdi				
Person og hendelse				
Estetisk verdi				
Identitetsverdi				

Brukspotensiale:

Pedagogisk potensiale:

Verneklasse:

Det er utarbeidd eit eige evaluerings skjema. Dette omfattar kjerneopplysningar om kulturminnet, evalueringsmatrisa som er synt ovanfor, dato, signatur felt for evaluator, og eit merkadsfelt.

Det er to grunnar til at ein har fått laga eit slikt evaluerings skjema. For det første tener evaluerings skjemaet som eit hjelpemiddel i evalueringsprosessen, som eit praktisk reiskap. For det andre vil skjemaet gjere det mogeleg å etterprøve evalueringa. Det er viktig, og det er første gong at evaluator på dette vis legg fram premissane for dei val som er gjorde. Alle ledd i evalueringsprosessen forutset eit visst element av fagleg skjønn. Skjemaet er meint å skulla gje eit bilete av kva variablar som har vore utslagsgjevande for eit evalueringsresultat.

For at matrisa skal ivareta kravet til dokumentasjon, er det trong for ein standard notasjon eller talfesting når det gjeld delverdiar og verneverdi. Delverdiane vert uttrykt på fylgjande måte:

"2" = Svært høg verdi

"1" = Høg verdi

"0" = Negativ

Ved dei høve at rubrikken i matrisa er blank, betyr det at det korkje er negative eller positive verdiar i høve til kulturminnet.

Verneverdien vert uttrykt ved hjelp av bokstavkodar. Det finns tre alternativ - "A", "B", og "C" - der "C" er lågaste og "A" er høgaste verdi. Til kvar kode svarar det ein verneklasse.

Dei 3 verneklassane referer til det gjeldande regelverket innan kulturminneforvaltinga.

Verneklasse A: Freding etter Kulturminnelova

Verneklasse B: Bevaring etter plan- og bygningslova.

Verneklasse C: Ingen spesiell vernestatus.

For at det skal vere aktuelt med verneklasse A, må ein bygning eller eit bygningsmiljø ha ein eller fleire delverdiar på høgaste nivå. Dersom kulturminnet berre har ein svært høg delverdi, kan dette kompenseras av høg delverdi på fleire andre. Dei forsterkande kriteria kan og trekast inn dersom det er tvil. Visse variablar kan og vere sterkt utslagsgjevande på eiga hand. Eit døme på dette er kriteriet alder.

Verneklasse B føreset at ein eller fleire av delverdiane har høg verdi. Her gjeld det same som ovanfor at dersom ein bygning har berre ein høg delverdi, må denne berast oppe av minst to grunnkriterier, eventuelt bli forsterka av dei forsterkande kriteria.

I verneklasse C er alle dei bygningane som ikkje kjem inn under A og B plasserte. Her finns dei bygningane vi ikkje har funne så antikvarisk verdifulle at spesielle vernetiltak er naudsynte. Vi forutset likevel at dei får vanleg handsaming i forvaltningssamanheng.

## 7. EVALUERINGSRESULTATA

Som det er nemnt tidlegare er evalueringresultata lagt inn på ei evalueringsskjema i samband med PC-versjonen av SEFRAK-registeret. Ein forkorta versjon av registeret inkludert evalueringresultata ligg som vedlegg til denne planen. Dette vil danne det praktiske verktøyet i samband med kommunalt planarbeid og byggesakshandsaming.

Nedanfor skal vi presentere evalueringresultata i form av ein del talmateriale for å syne fordelinga av ulike typar bygningar og miljø, i tillegg til alderssamansetting på dei enkelte verneklassane. Det er og utarbeidd ei fullstendig liste over objekta med plassering i verneklasse. Denne er ordna etter krins- og løpenummer, og vert presentert sist i rapporten.



## 7.1 ALDER

Nedanfor fylgjer eit oversyn over dei registrerte husa i kommunen, inndelt etter tidfesting/byggeår og fordelt på dei ulike verneklassane.

Tidsrom	Antal bygningar	Verneklasse: A	B	C
1600-1624	4	3	1	0
1625-1649	1	1	0	0
1650-1674	3	3	0	0
1675-1699	6	1	5	0
1700-1724	9	4	2	3
1725-1749	14	3	9	2
1750-1774	19	7	8	4
1775-1799	90	6	55	29
1800-1824	61	4	33	24
1825-1849	104	8	42	54
1850-1874	283	10	106	167
1875-1899	468	8	156	304
1900-1924	90	3	37	50
1925-1949	27	0	11	16
1950-1974	4	0	1	3
1975-1999	1	0	0	1
<b>I alt</b>	<b>1184</b>	<b>60</b>	<b>467</b>	<b>657</b>

For dei objekta der tidfestinga er oppgitt berre i heile hundreår, er fordelinga som fylgjer:

Tidsrom	Antal bygningar	Verneklasse: A	B	C
1536-1599	2	2	0	
1600-1699	10	3	7	0
1700-1799	148	10	78	60
1800-1899	512	4	177	331
1900-1999	8	0	4	4
<b>I alt</b>	<b>680</b>	<b>19</b>	<b>266</b>	<b>395</b>
Ingen alderskode	158	1	52	105

Dette gir til saman 2021 evaluerte hus som fordeler seg slik:

Vernestatus	Antal bygningar	Andel totalt
Verneklasse A:	81	4
Verneklasse B:	784	39
Verneklasse C:	1157	57
<b>I alt</b>	<b>2022</b>	<b>100 %</b>

Det er 9 objekt som ikkje er evaluert.

Resultata frå Stryn er innanfor, men i nederste skikt av den venta fordelinga på verneklassene som evalueringsutvalet har komme fram til i sin rapport:

Verneklasse A: 5% - 10%

Verneklasse B: 30% - 70%

## 7.2 OPPHAVELEG FUNKSJON

Ser vi på kva opphaveleg funksjon dei enkelte husa har hatt, fordeler evalueringresultata seg slik på dei ni hovudkategoriane vi arbeider med.

Opphaveleg funksjon (formål)	Antal	Verneklasse: A B C		
Hus for fast busetnad knytt til landbruk, fiske og fangst	1934	67	728	1139
Hus for fast busetad utan tilknytning til landbruk eller anna spesiell verksemd	26	0	17	9
Hus for fritidsbusetnad	1	0	1	0
Hus for energiproduksjon, bergverk, industri med tilhøyrande biformål	5	1	2	2
Hus for merkantil verksemd med tilhøyrande biformål	26	5	19	2
Hus for offentleg forvaltning, kyrkje og militærstell med tilhøyrande biformål	7	3	3	1
Hus for undervisning, forskning, idrett og andre kulturformål med tilhøyrande biformål	17	4	12	1
Hus for offentleg tenesteyting og sosiale formål	2	1	1	0
Ingen kode for opphaveleg funksjon	4	0	1	3
<b>I alt</b>	<b>2022</b>	<b>80</b>	<b>785</b>	<b>1157</b>

Største gruppa av hus høyrer til gruppa "Hus for fast busetnad knytt til landbruk, fiske og fangst". Ei nærare oppdeling av denne gruppa gir fylgjande resultat:

Opphaveleg funksjon	Antal	Verneklasse: A	B	C
---------------------	-------	----------------	---	---

Bustadhus innan landbruk, fiske og fangst	739	20	291	428
Hus for sekundære bustadformål innan landbruk, fiske og fangst (koking, slakting, baking, korn-tørking, bad, pers. hygiene m.m.)	92	11	41	40
Forrådshus (mat, klede mm.) for bustader innan landbruk, fiske og fangst	131	12	53	66
Hus for allmenne lagerformål (køyrety, maskinar, båtar mm.) innan landbruk, fiske og fangst	153	7	72	74
Hus for husdyr innan landbruk, fiske og fangst	499	3	148	348
Hus for lagerformål ved husdyrbruk innan landbruk, fiske og fangst	135	3	45	87
Hus for hagebruk og gartneri innan landbruk, fiske og fangst	4	0	0	4
Hus for handverk/småindustri innan landbruk, fiske og fangst	180	11	78	91
Hus for andre formål innan landbruk, fiske og fangst	1	0	0	1
<b>I alt</b>	<b>1934</b>	<b>67</b>	<b>728</b>	<b>1139</b>

Som ein ser er det ein del bygningar som på tross av høg alder er plasserte i verneklasse B eller C. Dette skuldast ofte løst funderte og usikre dateringar kobinert med dårleg bygningsmessig tilstand og svak autentisitet.

Elles skal ikkje tala kommenterast nærare. Dei er meint å gje ei innleiande oversyn til dei konkrete evalueringsresultata som er plasserte sist i planen.

## 8. PRIORITERTE BYGNINGSMILJØ OG ENKELTBYG- NINGAR I VERNEPLANEN

Det er fylkeskommunen og kommunen som har det vidare ansvaret for å gje verneverdige bygningar og miljø eit naudsynt formelt vern. Spesielt viktig er det at dei mest bevaringsverdige bygningsmiljøa får eit formelt vern gjennom at dei vert teke med i arealdelen i kommuneplanen og eventuelt at desse bygningsmiljøa vert regulert til spesialområde kulturminne.

Gardstun og enkeltbygningar kan takast vare på gjennom den daglege sakshandsaminga i kommunen. I dei enkeltsaker der dette syner seg vanskeleg, bør ein gje byggje og deleforbod, og ta sikte på å få i stand ein reguleringsplan for området.

Kulturminna er ein del av folk sin kvardag, og vernet av dei er ei samfunnsoppgåve på lik line med mange andre oppgåver. Det er korkje mogleg eller ynskjeleg å gje alle kulturminna status som verneobjekt etter lova. Dei aller fleste kulturminna vil vere avhengige av at folk sjølve har forståing for deira verdi og tek vare på dei.

Den føreliggande planen er ikkje ein samla verneplan for nyare tids kulturminne, men ei vurdering av registrerte bygningar som kan vera grunnlag for vern av bygningar frå tida før 1900.

Som vedlegg til denne planen ligg ei liste over alle registrerte bygningar og bygningsmiljø i kommunen, ordna etter gards og bruksnummer. Denne lista vert referert til i dette kapittelet.

## 8.1 VERNEKLASSE A

Dei kulturminna som kjem inn under denne gruppa er kulturminne som enten er freda eller som er fredningsverdige. Målet med all fredning må vere å "fryse fast" eit representativt utval av enkeltbygningar og bygningsmiljø eller kulturmiljø for framtidig dokumentasjon.

Ei målsetjing med verneplanen er å sjå denne i samanheng med kommuneplanen. Difor har vi hatt som mål å konsentrere oss om litt større *bygningsmiljø*.

Ideelt sett ønskte vi at verneplanen skulle spegle ulike bygningsmiljø slik dei har vore i Stryn. Eit overordna ønske har og vore at ulike *næringar*, *tidsperiodar* og *sosiale lag* skulle vera representert. I ein jordbrukskommune som Stryn var i tida før 1900, ønskte vi å vise gardstun, husmannsplassar, stolar, naust, sjøbuer, kvernhus og uteløer med representative tal i verneplanen. Når det her er ei overvekt av visse hustypar, er dette meir eit uttrykk for kva slags hus som har overlevd, enn det er eit representativt bilete av bygningsmiljøa rundt århundreskiftet. På bakgrunn av det som er sagt, skal vi sjå litt nærare på dei bygningsmiljøa og einskilde bygningar som er mest aktuelle i vernesamanheng.

### BYGNINGSMILJØ

Ingen bygningsmiljø er verna i Stryn kommune. Verneplanen prioriterer desse bygningsmiljøa i verneklasse A:

#### **Tettstadmiljø på Visnes.**

Referanse (Miljø nr 37, gnr 45, bnr 6 og 108, side 12 i vedlegg).  
(bilde)

Dette miljøet ligg i utkanten av Stryn sentrum, og er samansett av den gamle doktorbustaden, hotell Central (King Oscar) og hotell Visnes, med tilhøyrande løe og uthus. Hotell Visnes har vore utvida fleire gonger, men har intakt den karakteristiske sveitserstilen med luftige altanar og glasverandaer. Hotell Central er eit sveitserhus med preg av dragestil. Huset som er bygd sist på 1800-talet, var hotell fram til 1917. I perioden 1917 til 1965 vart huset nytts som husmorskule. Det stod tomt fram til 1980-talet då det vart restaurert og hotelldrifta vart teke opp att. Dei sosiale aspekta som knyt seg til hotelldrift, husmorskule og doktorbustad er med på å gje dette miljøet høg verdi som identitetskapande faktor. Katakteristisk for dette miljøet er også kombinasjonsdrift mellom gardsdrift og hotelldrift, som også har vore vanleg andre stader i kommunen. Ein finn difor uthus og løer, bygningar knytt til landbruk tett inn i ein bygningsstruktur som er prega av å skulle tilfredsstille nokre av dei urbane behov dei fyrste turistane hadde. I det same miljøet låg den gamle prestegarden, men denne er no avskåre fysisk frå resten av den gamle bygningsmassen av riksvegen.

### **Gardstunet Sigdestad i Oppstryn.**

Referanse: Miljø nr 10, gnr 10, bnr 1, side 4 i vedlegg.

Høgt og fritt over Strynevatnet ligg garden Sigdestad. Karakteristisk ved dette tunet er plasseringa i tregrensa som gjenspeglar seg i bygningsmaterialet. Sjølv om ikkje byggeskikken med bruk av stein er svært skjeldsynt, er det her eit eksempel på korleis ein har utnytta dei lokale naturgitte ressursane som bygningsmateriale. Steinen er henta frå ura som ligg like bak om tunet. Dette synest og i kulturlandskapet der stein er brukt som gjering og innhenging for å verne buskap mot rovdyr. Utenom våningshuset som er bygd i stein finst der tufter etter tidlegare steinbygde hus. Garden vart etablert på midten av 1800-talet og husa har eit autentisk preg, der vedlikehald/restaurering har i den seinare tid falt på Sigdestads veneforening, som også held kulturlandskapet i hevd i form av slått og beiting. Sigdestad ligg ved ei kulturmarksløype og blir nytt ellers nytta av kulturarrangement. Sigdestad har såleis etablert som eit verdifult miljø med hensyn til pedagogiskverdi såvel som opplevelsesverdi.

(bilde)

### **Gardstunet Aaning i Oppstryn.**

Referanse: Miljø nr 23, gnr 31, bnr 1, side 9 i vedlegg.

Aaning ligg høgt oppe i lia på strandsida av Strynevatnet. Den bratte lia flater seg ut i området rundt garden. Miljøet er ein del av gardstunet som og inneheld nyare bustadhus og driftsbygning. Den delen av tunet som er registrert ligg i fremste delen av tunet, der tilkomstvegen smalner til og kjem inn på tunet mellom dei eldste husa. Det yngste huset i miljøet er ei stove datert til 1868, det har vore modernisert ein del. Stova var tidlegare samanbygd med nystova med muleg byggeår 1739. Nystova har eit autentisk preg, der det ikkje er gjort synlege byggetekniske endringar. Tvers over nystova ligg ei stova frå tidleg 1800 tal. Den har ein gong på forige århundre fått tilbygd ei stove. Det siste huset i miljø er rekna for å vere den eldste bygningen i tunet. Det blir sagt at dette er ei tiende bud. Huset er i dag tatt ned for å førast opp at i restaurert stand.

Tunet er prega av autensitet som fører til høg opplevelses verdi og i samband med orginal byggeteknikk og bygningsmateriale vil det og ha ein pedagogisk verdi. Dette tunet er også intressant i forhold til mangfald av bygningsmasse i Stryn kommune, då bygningane er relativt små.

(bilde)

### **Gardstunet Vik**

Referanse: Miljø nr 41, gnr 46, bnr 2, side 13 i vedlegg.

Gardstunet ligg på ei flate med godt utsyn over Stryn sentrum. Frå tunet skråar det ned mot fjorden der det ligg eit tilhøyrande naust, som ikkje er tatt med i dette miljøet. Garden har uteløer, heimestøl og fjellstøyl.

I tunet ligg der eit bustadhus, røykstove, stabbur, eldhus og driftsbygning som registrert i miljøet. Husa i tunet er alle prega av velstand i form av storleiken på bygningane og solid bygningsmateriale.

Bustadhuset som er bygd omlag 1830 er på 2 ½ etasje og var på slutten av 1800 talet 'Wiigs hotel'. Huset har si opphavelige form og stilmessige uttrykk intakt. Røykstova som er frå omlag same tid som hovedhuset er det gjort få endringa med. Stabburet er frå 1700 talet og der er det ikkje gjort endringar utenom vanleg vedlikehald. Eldhuset er det nyaste huset på garden. Då det gamle eldhuset brann opp rundt århundre skiftet, vart det bygd opp att eit nytt eldhus på same grunnen. Eldhus har grue, korntørke og diverse utstyr inntakt. Driftsbygningen skil seg ut i storleik og byggemateriale. Den har fått løebru i 1920 og eit tilbygg på 1960

talet. Garden var i ein periode lendsmannsgard, der det vert fortald at lemmen ein del av røykstove vart nytta som arrest. Tunet har eit høgt autentisk preg i form av byggeskikk og tunstrukstur. Dette medfører at miljøet har høg pedagogisk og opplevingsverdi.  
(bilde)

#### **Tettstadmiljø Walhalla og Perhustunet.**

Referanse: Miljø nr 61, gnr 57, bnr 5, 46 og 182, side 17 i vedlegg.

Gjestgiveriet Valhalla er ein gamal handelstad, i Stryn sentrum. Miljøet består av to bustadhus og to tilhøyrande sjøbuder, der det vart dreve handel. Det eine av bustadhusa, Perhustunet, vart i 1913 utskilt frå Valhalla. Alle husa er frå 1700 talet, med relativ stor bygningsmessig autensitet. Miljøet ligg ved elveosen i Stryn sentrum like ved den gamle brua, som knyt handelstaden til det gamle sentrum i Stryn. Dette miljøet er ein representant for den eldre tettstadsutviklinga i Stryn. Valhalla vil ha stor historisk verdi der tunet har bevart si opphavelige form og tilknytning til fjorden som knytestpunkt i handel og samferdsel.  
(bilde)

#### **Gardstunet Reme i Innvik.**

Referanse: Miljø nr 110, gnr 123, bnr 1 og 3, side 31 i vedlegg.

I lia opp for Innvik med utsyn over Nordfjorden ligg garden Remme. Tunet kan karakteriserast som eit klyngetun med tilsaman 9 bygningar frå før 1900. Det er dei tre eldste bygningane i tunet dannar dette utvalgte miljøet. Nystova har ein innvendig innskripsjon med årstalet 1660. Det har ikkje blitt større bygningsmessige endringar med huset anna enn vedlikehald. Stabburet som er frå 1728 er det heller ikkje gjort bygningsmessige endringar med. Nystova har også eit autentisk preg. Den er frå byrgjinga av 1700-talet. Som ein del av eit stort bygningsmiljø er desse bygningane med på uttrykke ein historisk dimensjon. Bygningane har høgst verdi i forhold til bruks og pedagogisk verdi når ein ser dei i samband med den øvrige bygningsmassen.  
(bilde)

#### **Gardstunet Stensaker på Blakset.**

Referanse: Miljø nr 130, gnr 137, bnr 1, side 37 i vedlegg.

I tunet er det to hus, stabbur og nystove, som står att frå det gamle tunet. Tunet ligg høgt oppi den brattlendte lia. Resten av bygningsmassen vart flytta ved utskifting eller reven seinare på 1950 og 1970-talet. Stabburet er datert til 1700-talet eller før. Huset har fått delvis ny kledning i seinare tid. Ellers er det ikkje opplysningar om endringer ved huset si form. Nystova er datert til 1767 ifølge innskrift på dørlås. Huset har tørrmur under to av sidene ellers er det laftestein. Karakteristisk ved dette huset er svalgangen på eine langsida, som er uten grunnmur, men der golvet er ein forlenging av golvbjelkane i sjølve stovehuset. Som ein del av den eldste ståande bygningen frå den opphavelige tunskipnaden har huset pedagogisk såvel som høg identitetsverdi.  
(bilde)

#### **Tettstadmiljø Utvik.**

Referanse: Miljø nr 155, gnr 157, bnr 3 og 4, side 42 i vedlegg.

Dette miljøet dannar noko av det som er att etter eit eldre tettstadmiljø, med landhandel og

sjøbud. I huset har det vore dreve handel sidan det vart bygd i 1870-åra. Sjøbuda som er kalt Sølvsbergnaustet ligg rett over vegen for landhandelen, med opphavelg tilknytning til fjorden. Buda er eit grindbygg med 12 grindar som har beholdt sin opphavelge bygningsmessige karakter. Når ein ser på dette miljø som viktig er det naudsynt å ta det omkringliggende miljøet med som medverkande årsak, der desse to bygningane står som eksempel på tidleg tettstadsutvikling i Stryn kommune der landhandel og samferdsel knytt til fjorden vart det naturlege sosiale og næringsmessige knutepunkt.

(bilde)

#### **Gardstunet Isakbruket på Gald, Nordsida.**

Referanse: Miljø nr 179, gnr 172, bnr 1 og 4, side 49 i vedlegg.

Gardstunet, som i dag ikkje er i bruk, ligg høgt opp frå fjorden i eit bratt lende ned mot fjorden. To av dei fire bygningane i tunet dannar dette miljøet. Masstova ligg med møneretningen nord-sør på høge murar i neste del. denne masstova skil seg frå mange av dei andre tilsvarende stovene i kommunen ved at den har inngong frå langsida til kjøkendelen der grua endå er intakt. Ein reknar at denne stova vart bygd på slutten av 1700-talet. Stabburet, som har flyttemerker i stokkane, er datert til 'truleg 1700-talet eller eldre' (iflg. SEFRAK-registrering). I mønegavlen er det eit lite, farga glas (senterglas med blåseboble). Dei andre husa i tunet er stove frå 1867 og driftsbygning frå omlag 1890. Med hensyn til lokaisering og bygningsmiljøet ellers i tunet har dette tunet høg verdi såvel pedagogisk og oppleving.

(bilde)

#### **Gardstunet Ytre Lunde.**

Referanse: Miljø nr 31, gnr 41, bnr 3, side 11 i vedlegg.

Dette miljøet ligg i fysisk samband med eit anna bruk slik at det er ein del av ein større tunskruktur. Husa som høyrer til "Samuelsbruket" er stove, stabbur, smie og nystove. Stovehuset er sett saman av to stover med gang mellom. Det er loft over den eine delen av huset. Den eldste delen av huset er truleg frå tidleg på. Den eine stova er bygd til omlag 1850. Huset vart modernisert på 1950-talet utan at dette har resultert i endringar av huset sin grunnstruktur. Stabburet som er datert til 1700-talet har fått nytt tak. Elles er det ikkje opplysningar om endringar om huset si form. Smia som også er frå 1700-talet vart flytt til tunet på første halvdel av 1800-talet. Blåsebelg og mile finst framleis intakt. Huset har fått nytt torvtak i seinare tid. Nystova er datert til 1798 i følgje utskjering over døra. Huset har bølgeblikktak og termopanvindu. Lite omvøling av huset gir det eit autentisk preg, noko som også har resultert i ein del forfall. Det at kvar av bygningane har eit autentiske uttrykk, saman med kontinuitet i tunskipnaden, er det som gir tunet høg verdi.

#### **Gardstunet Nedreberg, Bergsida.**

Referanse: Miljø nr 45, gnr 48, bnr 1,2, side 14 i vedlegg.

Gardstunet ligg høgt oppe på Bergsida. Dette miljøet inneheld to bustadhus og eit eldhus. Det eine bustadhuset er datert til 1865, men det kan tyde på at delar av dette er eldre. Det er sannsynleg at eine delen av dette huset er ei eldre ljorestove. Den nordlegaste delen, som er tverrstilt på søndre del, er på 2 fulle etg. + loft. Huset har ein eigenart med opphavlege form bevart. Det andre bustadhuset er datert til 1850. Huset har fått tilbygg i form av eit vedhus i 1900 og eit garasjebygg i 1970. Desse tilbygga har ikkje grepe inn i huset sin opphavlege form, men står som uthus som har "lånt" ein yttervegg. Huset har antikvarisk verdi då det er svært lite som er endra på eksteriør og interiør. Eldhuset er sannsynleg frå tidleg 1800-tal. I eldhuset er det grue, tørkehelle og bakaromn. Huset ligg i eit bratt lende der det på eine

gavlveggen er oppbygd med stolpar. Tunet utgjer ein heilskap i det autentiske preget av bygningane som og inneheld eit interessant særpreg.

### **Gardstunet Auflem, Muristranda**

Referanse: Miljø nr 83, gnr 85, bnr 11,12, side 25 i vedlegg.

I dette miljøet er det tatt med stove, stabbur, to kvernhus, sauefjøs og eldhus. Husa er flytt til staden i tida frå slutten av 1920-talet til byrjinga av 1930-talet. Alle husa kjem frå andre stader i Nordfjord. Bygningane er datert til 1700-talet med unntak av sauefjøset som er datert til 1500-talet. Sjølv om ikkje tunet representerer ein tunskipnad med eit autentisk opphav vil kvar av husa inneheld ein høg antikvarisk verdi på grunn av autentisitet. Tunet har vore nytta som feriebusstad av eigar. Tanken som ligg bak danning av dette tunet er nettopp det å skulle ta vare på desse husa slik dei var då dei vart flytt både med omsyn til interiør og eksteriør. Husa har dermed ikkje gjennomgått nokon endringar for å stette endra behov i tida. Ein slik samling av bygningar representerer bevaringsmetode som samsvarar med etablering av mange museum og samlingar rundt i landet.

### **Gardstunet Utigard, Faleide**

Referanse: Miljø nr 146, gnr 150, bnr 6,20, side 40 i vedlegg.

Dette tunet er ei unik samling av eldre godt bevarte bygningar. Dette miljøet inneheld hus i tunet som ligg i ein naturleg tilknytning. Miljøet utgjer følgjande bygningar; Loft som er datert til 1843. Stove er i følgje innskrift datert 1847. Kvernhus, som heilt eller delvis, er bygd på 1600-talet, inneheld tre kverner til ulikt bruk. Eldhuset som er samanbygd med kvernhuset blei bygd på midten av 1800-talet, på same stad som eit eldre eldhuset sto. Masstova er datert til siste halvdel av 1850-åra. Driftsbygningen er ein samanbygning av fleire eldre bygningar som i dag står på sin opphavlege plass eller har blitt flytta til frå andre stader på garden. Samanbygginga blei gjort i 1878, men delar av bygningen er frå før 1820-talet. Hjulhuset er datert til omlag 1864. Vognhuset har ingen eksakt tidfesting, men er datert til 1800-talet. Underetasjen på vognhuset var i periodar nytta som gardfjøs. Kårhuset som er bygd i 1902 er eit lite sveitserstilhus med fine detaljar. Sjølv om det i alder skil seg frå dei andre husa i tunet er huset interessant fordi det er tidstypisk for den tida det blei sett opp. Det inngår fleire hus i bruket Utigard som ikkje står i ein slik fysisk samanheng at dei inngår i miljøet som er skildra her.

Generelt kan det seiast at alle husa i dette miljøet har ein stor autentisitetsverdi. Bygningen har fått eit vedlikehald som samsvarar med antikvariske prinsipp, der det opphavlege uttrykket har blitt tatt vare på gjennom materialval og arbeidsmetode. Dette er noko som pregar tunet og gir det eit heilskapleg uttrykk.

### ENKELTBYGNINGAR

I Stryn kommune er det ein bygning som er freda:

- Stabbur på Innvik Prestegard. (gnr 126, bnr 2, løpenummer ..., side 32 i vedlegg)



Alle husa som er nemd nedanfor har høg eigenverdi, særleg som representantar for sine bygningstypar og funksjonar. Vi såg helst at desse låg i eit miljø, der heile miljøet kunne vurderast i kategori A. Diverre er det ikkje slik. I staden bør området rundt desse bygningane takast vare på gjennom bruk av plan og bygningslova.

### **Stabbur på Guddal**

Referanse: Gnr 14, bnr 5, side 5 i vedlegg.

Stabburet er eit av dei gamle husa frå Guddalstunet. Huset, er i følge eigar, bygd sist på 1600-talet. I 1942 vart huset flytt 50 meter frå vest. Stabburet er på 1 1/2 etasje, med inngong frå eine kortveggen til svalgang som ikkje er lafta i 1. etasje. I motsatt vegg har huset vindaug i hovedetasje og lem. Huset sin alder og autentiske preg er med på å underbygge stor pedagogisk og opplevings verdi.

(bilde)

### **Sel på Storesetra, Erdal.**

Referanse: Gnr 21, bnr 2, side 6 i vedlegg.

Det er vanskeleg å kunne sette eit hus som ikkje er blitt synfart i kategori A, slik som er gjeldande for stølshusa og andre vanskeleg tilgjengelege hus for årstida. Men ved hjelp av tilleggsopplysninger, fotografi og tegningar av selet har eg valgt å framheve dette selet som fredingsverdig. Selet ligg i samband med eit større stølsanlegg. Karakteristisk ved selet er byggeteknikk i stein som her synest å vere utført svært solid. Huset, som er ført opp i 1870, har fjøs i kjeller, noko som også er karakteristisk for eldre stølshus.

(bilde)

### **Nystove på Øvste Rygg, Erdal**

Referanse: Gnr 22, bnr 2, side 6 i vedlegg.

Opp i lia i Erdalen ligg garden Øvste Rygg fritt med utsyn over dalen og Strynevatnet. Det vert hevda at nystova er frå tidleg 1600-tal eller før. På midten av 1800-talet vart huset påbygd i høgda med 4 omfar og vedskjul bygd til. Materialer ved påbygginga skal vere frå den gamle kirka på Fosnes som vart reven omlag 1860. Huset er prega av manglande vedlikehald, då vindauga er knust og svalgangen på langveggen er borte. I tunet sto det ei masstove som vart reven for så å skulle førast opp att på Nordfjord folkemuseum.

(bilde)

### **Skulestove Erdal.**

Referanse: Gnr 22, bnr 6, side 6 i vedlegg.

Det gamle skulehuset i Erdal krins fungerer i dag som grendahus for bygda. Ingen synlege endringar er gjort med huset sidan det vart bygd rundt 1900. Huset har gang kammers og skulestove og stor som ein fin representant for ein tidstypisk bygdeskule. Takform og vindu med enkle utskjeringar er inspirert frå sveitserstil. Som sosialt midtpunkt i bygda både før og no har huset stor identitetsverdi. Dette vert forsteka av bygningsmessig autensitet.

(bilde)

### **Kvernhus på Nesje.**

Referanse: Gnr 31, bnr 4, side 8 i vedlegg.

Kvernhuset høyrer til "Sjurbruket" og ligg ved Nesjeelva. Det er bygd i første halvdel av 1800- talet. I høve flyttmerker tyder det på at den har vore flytt. Huset er ein god representant for bygningstypen med opphavelg kledning og torvtak. Reint teknisk er kverna intakt med kvernkall, kvernsteiner og renner. Kverna var i bruk til og med siste verds krig.

(bilde)

#### **Museum/atelier på Singerheimen.**

Referanse: Gnr 86, bnr 27, side 26 i vedlegg.

Bygningen er knytt til kunstmalaren Singer, som hadde sit atelier her. I dag fungerer huset som museum, der kunstnaren sine arbeider er utstilt. Huset er interiør og eksteriørmessig autentisk i forhold til då kunstnaren hadde sit virke her. Huset vart bygd i 1914. Då huset knyter seg så sterkt til ein kjend person har det stor brukst og identitetsverdi.

(bilde)

#### **Hjulhus på Eide, Olden.**

Referanse: Gnr 91, bnr 4 og 5, side 27 i vedlegg.

Hjulhuset er ein åpen bygning av to grunder, avstiva med kryssband, med torvtak. Sjølv hjulet, som er intakt, er av jern.. Det er i god stand, då det vart restaurert i 1982. Huset, som vart ført opp i 1876, ligg like ved vegen, i nærleik av tuna på Eide. Som teknisk anlegg, er huset næringshistorisk interessant.

(bilde)

#### **Stabbur i Loen, Loen**

Referanse: Gnr 70, bnr 14, side 22 i vedlegg.

Stabburet er ein viktig del av bygningsmiljøet kring kyrkja i Loen. Huset, som er frå 1880 eller før, er bygd av godt materiale. Det har gjennomgått få endringar som har grepe inn i det opphavelge uttrykket.

#### **Stove i Loen, Loen**

Referanse: Gnr 70, bnr 14, side 22 i vedlegg

Denne stova, som vert kalla nystova, er datert til tidleg 1800-tal. Huset har stor lokalhistorisk verdi. Det vart bl.a. nytta som bustad for futen, med arrest i kjellaren. Då huset låg i nærleik til kyrkja vart det nytta som omkleddingsrom for kyrkjefolket. I kjellaren er det bakarom og grue. Dette huset er også ein viktig del av bygningsmiljøet rundt kyrkja i Loen.

#### **Stove i Hildastranda, Innvik.**

Referanse: Gnr 122, bnr 1-9, side 31 i vedlegg.

Hildanausta, som ligg sentralt i Innvik, er ei naustrekke av 6 naust, der alle er bygd tidleg på 1800-talet. Innimellom naust ligg denne stova frå tidleg 1600-tal. Huset som er samansatt av to husmannstover, har likavel den tradisjonelle treroms inndeling, der inngongen er på eine kortveggen inn til kjøkenet, som er avdelt med kove. Huset har vore brukt som lendumnskontor i perioden 1930-1950. Alder, autensitet, lokalitet og funksjon som tilhald for offentleg tjenestemann, vil kunne tilskrive denne stova høg opplevingsverdi knytt til identitet

(bilde)

#### **Stabbur i Hilde, Innvik.**

Referanse: Gnr 122, bnr 5, side 31 i vedlegg.

Stabburet er eit av fleire eldre stabbur som utmerker seg. Uten å velge ut ein representant vil stabbura i fellskap forsterke karakteristisk trekk i området. Stabburet på Solstrand er frå 1756. Alderen kan underbyggast då forma på laftehovuda kan tyde på eldre lafteteknikk. Huset står på peler, vekselvis av stein og tre. Huset uttrykk høg pedagogisk som opplevingsverdi.  
(bilde)

#### **Stabbur på Hilde, Innvik.**

Referanse: Gnr 122, bnr 3, side 31 i vedlegg.

Eingong på 1900 talet vart dette huset flytt 400 meter frå syd-aust, der det gamle Hildetunet låg. Ifølge eigar er huset datert til 1620. Storleik og byggeteknisk syner huset slektskap med dei to føregåande omtalte stabbura. Huset har lem også over svalganen som ikkje er lafta. Kledning og vindauge på den andre kortveggen. Huset står på stabber og ligg midt i tunet av eit yngre bygningsmiljø.

(bilde)

#### **Stabbur på Hilde, Innvik.**

Referanse: Gnr 122, bnr 6, side 31 i vedlegg.

Dette stabburet er, i følge inskripsjon på eine langveggen, frå 1620. Huset som ikkje har kledning synleggjer laftehovud som også tyder på eldre lafteteknikk. Huset har autentiske preg tiltross for taktekke av sementstein. Få endringa med huset har ført til at eit gamalt blyinnfatta vindaug framleis er i råma på eine kortveggen.

(bilde)

#### **Prestebustad, Innvik Prestegard.**

Referanse: Gnr 126, bnr 1, side 32 i vedlegg.

I 1759 vart dette huset flytta frå "Evebø" på Sandane, der det vart bygd i 1659. I tillegg som bustad for presten i Innvik var det to prestekontor i bygningen til det vart leigd ut som bustad for to huslydar. Huset er på 2 etasjer og har gjennomgått fleire endringar og tilbygg. I 1877, 1883 og 1887 har huset gjennomgått endringar. Den mest vesentlege ombygging er frå 1900 ved arkitekt L.Sølvberg.

(bilde)

#### **Innvik Ullvarefabrikk.**

Referanse: Gnr 127, bnr 5, side 33 i vedlegg.

Innvik Ullvarefabrikk, som ligg sentralt i Innvik, er ein stor vinkelbygd trebygning på 2 1/2 etasje. Den vart oppført i 1890 og nytta som produksjonslokale for ullvarer fram til på 1970-talet. Som arkitekturmessig egenart og autensitet vil dette bygget ha stor oppleving såvel som pedagogisk verdi. Som eit viktig kulturminne på nasjonalt såvel som lokalt nivå vil bli framheva av fabrikkens som representant for tidleg industriproduksjon.

( bilde)

#### **Vetestova på Ulvedal.**

Referanse: Gnr 131, bnr 1, side 34 i vedlegg.

Vetastova er ein serverdigheit /kulturminne har ein stor verdi såvel på nasjonalt som på lokalt nivå. Vaktstova kan ha stått i 1000 år med gradvis utskifting av materiale.

(bilde)

### **Baggehola på Ulvedal.**

Referanse: Gnr 131, bnr 1, side 34 i vedlegg.

Dette er eit kulturminne som knyter seg til eit sagn frå 1500 talet. Det har difor stor identitet og opplevingsverdi.

(bilde)

### **Naust på Steinsaker, Blakset.**

Referanse: Gnr 137, bnr 4 og 5, side 37 i vedlegg.

Naustet ligg på ein tidlegare husmannsplass mellom Doksetøyra og Blakset kai. Naustet sto før plassen vart bygsla i 1871, og antatt datering på naustet er 1700-talet. Naustet er grindbygd med trenagler. Tilkomst til 2. høgda er ved hjelp av ei bru.

(bilde)

### **Kvernhus på Dokset, Blakset.**

Referanse: Gnr 139, bnr 2 og 3, side 38 i vedlegg.

Kvernhuset ligg i tilknytning til tunet Dokset som er eit av dei eldste tuna i Blaksetbygda. Kvernhuset er eit av husa som ligg att etter den gamle tunskipnaden blei endra i form av flytting ved utskifting eller seinare riving. Huset er datert til 1700 talet. Har gamal vindusrute over inngongen. Den syner ein bygningsmessig autensitet.

(bilde)

### **Pakkbud på Faleide.**

Referanse: Gnr 150, bnr 9 og 11, side 40 i vedlegg.

Dette er den siste bygningen som står etter den gamle handelsstaden på Faleide. Buda som er bygd mellom 1800-1825, er på 2 ½ etasje, lafta og med vindehus. Den ligg i flukt med den gamle dampskipskaia. I området, som tidlegare var ein sentral handelstad, var der på slutten av 1800-talet hotel og postkontor.

(bilde)

### **Naust på Innigard, Faleide.**

Referanse: Gnr 150, bnr 18, side 40 i vedlegg.

Naustet som er antydta frå 1700-talet, har gjennomgått både bygningsmessig og funksjonsmessig endringar. Naustet har utvikla seg frå eit tradisjonelt lafta naust på 1 etasje, til ei ekstra høgda og snudd møneretning. Ombygginga fortel om endring av huset sin funksjonelle status frå naust til sjukestove og seinare til butikk. Naustet har dermed ei spesiell rolle som historiefortellande og identetskapande element.

(bilde)

### **Smie på Hammer, Utvik.**

Referanse: Gnr 152, bnr 3, side 41 i vedlegg.

Eigenarten med denne smia er at heile huset er bygd opp av tørrmur. Smia er datert til 1790. Det ser ut tyil at huset er murt opp med utgangspunkt i naturleg stein som låg på staden. Den er autentisk interiør og eksteriørmessig og er estetisk såvel som næringshistorisk intressang.

(bilde)

### **Tiendebuda i Utvik.**

Referanse: Gnr 158, bnr 13, side 42 i vedlegg.

I naustmiljøet ved kirka i Utvik låg denne tiendebuda, som var futens plass for innkreving av tiende. Huset er i dag tatt ned for bevaring. Då det ikkje er flyttmerker på huset, kan det tyde på at det har stått på same staden sidan 1719 som er det oppgitte byggeåret. Utfrå huset sin alder og tilknytning til kyrkja, vil den ha høg kulturhistorisk verdi.

(bilde)

#### **Kvernhus Bruland, Utvik.**

Referanse: Gnr 160, bnr 6, side 43 i vedlegg.

(tekst og bilde)

#### **Skulestove på Rand, Hopland.**

Referanse: Gnr 165, bnr 5, side 45 i vedlegg.

Rand skule vart bygd i 1880-åra. Huset er karakteristisk for skulebygg frå den tida. Utanom tilbygd bislag er det gjort få endringar med huset. Som skulestove gjennom fleire generasjonar har huset svært stor identitetsverdi.

(bilde)

#### **Masstove på Tvinnereim, Hopland.**

Referanse: Gnr 170, bnr 4, side 49 i vedlegg.

Masstova, som ligg i tunet til "Knutebuket" er datert til 1700-talet. Den sto i det gamle Tvinnereimstunet, og vart flytt hit i 1915. I hovedhøgda er der grue med tørkehelle. I underetasjen er der smie-grue med belgen intakt. Det er ikkje gjort nevneverdige endringar av den bygningsmessige sida ved huset. Den utmerker seg med kombinasjon av masstove og smie. og er ein fin representant for mangfoldet i eldre byggeskikk.

(bilde)

#### **Nystove på Jevnlid, Fjelli.**

Referanse: Gnr 174, bnr 1, side 50 i vedlegg.

Nystova er ein av to bygningar som står att frå det gamle Lidatunet. Stova som truleg er bygd på midten av 1700-talet er hovedhuset for det som inngår i gardsmuseet. Huset er lafta på 1 ½ etasje, og står i eit bratt terreng på høge tørrmurar. Langs eine langsida er det svalgang. Huset har torvtak og har delvis den gamle kledningen med trenaglar. Det er ikkje gjort endringa på huset form, rominndeleging eller andre byggetekniske omvølingar.

(bilde)

#### **Utløe på Jevnlid, Fjelli.**

Referanse: Gnr 174, bnr 1, side 50 i vedlegg.

Trestokklada vert denne uteløa kalla. Årsak til dette er at den er lafta opp av rundttømmer. Den kan karakteriserast som ei enkel lita uteløe på ein uteslått aust om sjølve innmarka på Jevnlid. Det vert antatt at løa kan vere frå 1600-talet, og vil dermed stå som representant for eit av dei eldste husa i området. Med tanke på dokumentering av lokal byggeskikk, vil løa ha høg pedagogisk verdi. Bruksverdien vil vere høg når den står i forhold til løas estetiske uttrykk, som gir eit autentisk preg med rundttømmer uten kledning og torvtak.

(bilde).

#### **Kvernhus på Jevnlid, Fjelli.**

Referanse: Gnr 174, bnr 4, side 50 i vedlegg.

Kvernhuset er ein representant for mange av kvernhusa rundt omkring i Stryn. Kvernhuset som er frå 1791 verkar autentisk, med torvtak intakt og ingen synlege bygningstekniske endringar. Sjølv kverna med kvernstein og renne er og intakt.  
(bilde)

## 8.2 VERNEKLASSE B.

### BYGNINGSMILJØ

I verneplanen har vi vurdert slik at 88 kulturminne-miljø skal tilhøyre verneklasse B. Desse miljøa vert referert under, med tilvising til vedlegget til verneplanen. Dei 88 miljøa fordeler seg slik utifrå "funksjon" (type):

<b>Gardstun:</b>	45	<b>Stølsmiljø:</b>	20
<b>Kvernhusmiljø:</b>	4	<b>Naustmiljø:</b>	8
<b>Tettstadmiljø:</b>	7	<b>Utlader/Gardfjøs:</b>	2
<b>Sagbruksmiljø:</b>	1		

Opplisting:

<b>Skårsetra</b> Miljø nr 1, gnr/bnr 2/1 og 66/2, side 2	<b>Gardstun Ljåstad</b> Miljø nr 3, gnr 4, bnr 1, side 2
<b>Gardstun Sollida</b> Miljø nr 4, gnr 4, bnr 1, side 2	<b>Kvernhusmiljø Fure</b> Miljø nr 5, gnr 6, bnr 3, side 3
<b>Gardstun Nedre Flo</b> Miljø nr 7, gnr 7, bnr 4, side 3	<b>Gardstun Øvre Flo</b> Miljø nr 9, gnr 8, bnr 6, side 4.
<b>Skjeringsdalssetra</b> Miljø nr 11, gnr/bnr 13/3,4,5 15/3,6 20/4 35/1 65/12, side 5.	<b>Tettstadmiljø Hjelle</b> Miljø nr 13, gnr 20, bnr 1,2,5,7 og 8, side 5.
<b>Storesetra, Erdalen</b> Miljø nr 14, gnr/bnr 21/1,3,7,8 22/2 23/4, Side 6.	<b>Kvernhusmiljø Erdal</b> Miljø nr 15, gnr/bnr 22/1 og 23/3, side 6.
<b>Gardstun Dårflåt</b> Miljø nr 16, gnr 28, bnr 2, side 7.	<b>Gardstun Fosnes</b> Miljø nr 17, gnr 29, bnr 3, side 7.
<b>Utlader/Gardfjøs i Sandvik</b> Miljø nr 18, gnr 30, bnr 1 og 2, side 8.	<b>Stølsmiljø Stol, Glomsdalen</b> Miljø nr 20, gnr 31, bnr 2,3,4,5,8 og 21, side 8
<b>Gardstun Berstad</b> Miljø nr 27, gnr 35, bnr 1, side 10.	<b>Gardstun Ytre Lunde</b> Miljø nr 31, gnr 41, bnr 2 og 5, side 11.
<b>Gardstun Stauri</b> Miljø nr 32, gnr 42, bnr 3, side 11.	<b>Gardstun Stauri</b> Miljø nr 33, gnr 42, bnr 5 og 6, side 11.
<b>Tettstadmiljø Visnes.</b> Miljø nr 34, gnr/bnr 44/10,13,14,31 og 45/4, side 12.	<b>Gardfjøs på Visnes</b> Miljø nr 35, gnr/bnr 44/10,14 og 45/4, side 12.
<b>Gardstun Årheim</b> Miljø nr 36, bnr 44, bnr 33 og 44, side 12	<b>Gardstun Visnes</b> Miljø nr 38, gnr 45, bnr 16, side 12.

<b>Gardstun Vik</b> Miljø nr 39, gnr 46, bnr 1 og 2, side 13	<b>Vik nedseter (stølsmiljø)</b> Miljø nr 40, gnr 46, bnr 1 og 2, side 13.
	<b>Gardstun Øvreberg</b> Miljø nr 53, gnr 50, bnr 2, side 15.
<b>Gardstun Dybevoll</b> Miljø nr 56, gnr 52, bnr 1, side 16.	<b>Gardstun Fænn</b> Miljø nr 57, gnr 53, bnr 1, side 16.
<b>Grendasetra</b> Miljø nr 58, gnr/bnr 53/1,3 og 54/1 side 16.	<b>Tettstadmiljø Perhustunet</b> Miljø nr 60 , gnr 57 , bnr 2,19,20,30,32,45,60 og 182 , side 17
<b>Tettstadmiljø Bø</b> Miljø nr 62, gnr 57 , bnr 27 og 50 , side 17	<b>Tettstadmiljø Tonning</b> Miljø nr , gnr , bnr , side 18
<b>Bøasetra</b> Miljø nr 65, gnr/bnr 58/1, 59/1,2,3,4 og 60/2 og 4 , side 18	<b>Gardstun Kirkeide</b> Miljø nr 70, gnr 63, bnr 5,8,9 og 10 , side 20.
<b>Gardstun Storesunde</b> Miljø nr 71, gnr 69, bnr 2, side 21.	<b>Lohøgsetra.</b> Miljø nr 72, gnr 70, bnr 3,4,6,8,11,13 og 15, side 21.
<b>Breng (stølsmiljø)</b> Miljø nr 76, gnr 76, alle, side 23.	<b>Gardstun Opheim</b> Miljø nr 77, gnr 81, bnr1 og 4, side 23.
<b>Gardstun Opheim</b> Miljø nr 78, gnr 81, bnr 4, side 24.	<b>Rakesetra</b> Miljø nr 79, gnr 82, bnr 2,4,5 og 10, side 24
<b>Gardstun Strand</b> Miljø nr 80, gnr 84, bnr 1, side 24.	<b>Gardstun Strand</b> Miljø nr 81, gnr 84, bnr 2, side 24.
	<b>Gardstun Auflem</b> Miljø nr 83, gnr 85, bnr 11 og 12, side 25.
<b>Tettstadmiljø Olden</b> Miljø nr 84, gnr 86, bnr 3, side 25.	<b>Naustmiljø Olden</b> Miljø nr 85, gnr 86, bnr 3 og 9, side 25.
<b>Gardstun Olden</b> Miljø nr 86, gnr 86, bnr 6, side 25.	<b>Singerheimen</b> Miljø nr 87, gnr 86, bnr 27, side 26.
<b>Tettstadmiljø Olden</b> Miljø nr 88, gnr 87, bnr 1,6 og 10, side 26.	<b>Gardstun Brynestad</b> Miljø nr 90, gnr 88, bnr 35, side 26.
<b>Gardstun Melheim</b> Miljø nr 91, gnr 89, bnr 1,5 og 8, side 27.	<b>Gardstun Eide</b> Miljø nr 93, gnr 91, bnr 4 og 5, side 27.
<b>Gardstun Sandnes</b> Miljø nr 94, gnr 92, bnr 1, side 27.	<b>Gardstun Yri indre</b> Miljø nr 98, gnr106, bnr 1 , side 28.
<b>Gardstun Bakryri</b> Miljø nr 99, gnr 107, bnr 2,3 og 4, side 28.	<b>Naustmiljø Skarstein</b> Miljø nr 104, gnr/bnr 115/3 og 117/1,2 og 3, side 30.
<b>Gardstun Årholen</b> Miljø nr 105, gnr 120, bnr 1, side 30.	<b>Gardstun Frøholm</b> Miljø nr 107, gnr 121, bnr 5, side 31.
<b>Naustmiljø Hildastranda</b> Miljø nr 108, gnr 122, alle, side 31.	<b>Remestølen</b> Miljø nr 111, gnr 123, bnr 3, side 30.
<b>Lyslostølen</b> Miljø nr 117, gnr 128, bnr 2 og 3, side 31.	<b>Heggdalsstølen</b> Miljø nr 118, gnr 129, bnr 1,2,3 og 8, side 32.
<b>Gardstun/museum Li</b> Miljø nr 120, gnr/bnr 129/6 og 130/1, side 34.	<b>Gardstun Ulvedal</b> Miljø nr 121, gnr 131, bnr 1 og 2, side 34.

<b>Kvernhusmiljø Roset</b> Miljø nr 122, gnr 131, bnr 3,5,10 og 14, side 35.	<b>Gardstun Øyestad</b> Miljø nr 126, gnr 133, bnr 2, side 36.
<b>Stølsmiljø Smørdalen</b> Miljø nr 127, gnr 134, bnr 1,2 og 3, side 36.	<b>Gardstun Sætren</b> Miljø nr 138, gnr 143, bnr 1, side 39.
<b>Gjølvestølen, Faleide ?</b> Miljø nr 139, gnr/bnr 143/1 og 150/6, side 40.	<b>Gardstun Flore</b> Miljø nr 142, gnr 145, bnr 2, side 39.
	<b>Bergestølen, Utvik</b> Miljø nr 152, gnr 154, bnr 1 og 3, side 42.
<b>Naustmiljø Utvik</b> Miljø nr 154, gnr/bnr 157/2 og 158/14, side 42	<b>Naustmiljø Valaker</b> Miljø nr 157, gnr 159, bnr 1,3 og 4, side 43.
<b>Gardstun Bruland</b> Miljø nr 160, gnr 160, bnr 6 og 7, side 43.	<b>Gardstun Gjuv</b> Miljø nr 161, gnr 161, bnr 1 og 7, side 44.
<b>Frøysetstølen</b> Miljø nr 162, gnr 162, bnr 1,2 og 4, side 44.	<b>Gardstun Tisthamar</b> Miljø nr 164, gnr 163, bnr 3, side 44.
<b>Gardstun Hopland</b> Miljø nr 167, gnr 165, bnr 3,5,42,44 og 56, side 45.	<b>Naustmiljø Rand</b> Miljø nr 168, gnr/bnr 165/18, 167/9, 169/1, 170/2 og 3, side 46
<b>Kvernhusmiljø Åland</b> Miljø nr 172, gnr/bnr 166/2 og 6, 167/3 og 4, side 46.	<b>Randastølen</b> Miljø nr 175, gnr 167, bnr 5,7,8 og 9, side 48.
<b>Gardstun Hammer</b> Miljø nr 178, gnr 169, bnr 1, side 49.	<b>Sølvbergstølen</b> Miljø nr 182, gnr/bnr 174/1, 175/5 og 6, side 50.
<b>Gardstun Sølvberg</b> Miljø nr 183, gnr 175, bnr 1,2,5 og 6, side 51.	<b>Naustmiljø Sølvberg</b> Miljø nr 184, gnr 175, bnr 1,2,3,4 og 6, side 51
<b>Bergsetstølen</b> Miljø nr 187, gnr 176, bnr 1,3,5 og 6, side 52.	<b>Gardstun Bergset</b> Miljø nr 190, gnr 176, bnr 3, side 52.

#### ENKELTBYGNINGAR.

Enkeltbygningar som er vurdert i verneklasse B vert ikkje vidare kommentert i verneplanen.

## 9. TILTAK SOM SKAL SETJAST I VERK MED VERNEPLANEN

- Plan for vern av kulturminne skal danne grunlaget for bygningsvernet i Stryn kommune. Planen skal rullere etter same rutiner som kommuneplanen.
- Sakshandsaminga for bygningsvernsaker skal fylgje ” Sakshandsamingsreglar og saksgang ” slik dei er presentert i kapittel 4.3.



- I verneplanen ligg ei tilråding om å sette i gang vernetiltak både etter "Lov om kulturminne" og etter Plan og bygningslova. I nesten alle tilfelle vil sistnemnde lovgrunnlag vera det beste og mest riktige. Vern av bygningar etter kulturminnelova er i liten grad aktuelt. Dersom vern etter kulturminnelova skulle vere aktuelt, vil dette mest aktuelt for bygningar i klasse A..
- Ved handsaming av kommuneplanen bør kommunen gå gjennom alle utbyggingsområde for å kartleggje om desse kan kome i konflikt med verneinteressene.
- Ved rullering av kommuneplanen må kommunen vurdere om bygningar frå planen skal bandleggjast for regulering til bevaring.
- Verneplanen bør vera lett tilgjengeleg for dei som til dagleg arbeider med plan- og byggesaker. PC-versjonen av SEFRAK-registeret bør vere tilgjengeleg både på teknisk etat og på kulturkontoret. Det same gjeld verneplanen med alle vedlegg.
- Informasjon må framhevast som eit viktig verkemiddel i kulturminnevernet. Dette er spesielt viktig overfor eigarar av verneverdige bygningar. Utan forståing og samarbeid med dei, blir vernearbeidet vanskeleg å drive. Kulturminnevernet er avhengig av ei ålemlen forståing for verdien av å ta vare på ein felles bygningsarv. Tiltak som vert gjort gjennom lovverket, vil då vere av felles interesse.
- Det bør utarbeidast ein enkel publikasjon om byggeskikk i kommunen. Dette vil vera med å auke interessa for kulturminna. Her bør hovedresultata av planarbeidet kome med. Brosjyra bør vere illustrert med foto av viktige bygningar/miljø og andre kulturminne. Dette bør vere av stor interesse for kommunen, også som ein presentasjon av kommunen i turist-samanheng.

